**Oppfølgingsliste 3/2019**

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 19/17 | FR – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune | 26/04 | 31.12.2017 | Vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br>a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.<br>b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:<br>i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre<br>ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing<br>c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.<br>d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017<br>FT behandla saka same dag i FT-sak 10/17, og gjorde slikt vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen: |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.<br>b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.<br>c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017<br>**Sjå oppfølging i sak 28/18** |
| 6/18 | Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning | | 27.02.2018 | 1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.<br>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.<br>3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.<br>**Sjå oppfølging i sak 28/18** |
| 15/18 | Ekstra godtgjersle leiar | 03/04 | | Ekstra godtgjersle til leiar<br>Leiar orienterte om status i saka og at det er fylkestinget som til slutt skal ta avgjerd.<br>**AVSLUTTA** |
| 28/18 | Oppfølging – FR kulturminneforvaltning | 04/06 | April 2019 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne.<br>2. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.<br>3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019. |
| 38/18 | FR Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18 | 06/09 | | Vedtak:<br>1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen og Musea i Sogn og Fjordane vert tekne til vitande.<br>2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av punkt 3 og 4 til å vere i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 3/18.<br>3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tydlegare tilbakemelding på punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtaket. |
| 43/18 | FR – Reiseliv - rapport | 25/09 | Januar 2019 | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av reiselivssatsinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune til etterretning.<br><br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br><br>i. Sørgje for å tydeleggjere forholdet mellom ulike sentrale styringsdokument innan reiselivssatsinga, og avklarar ytterlegare kva plandokument og målformuleringar som skal vere styrande for arbeidet innan reiseliv, slik fylkesrådmannen skisserer i høyringsuttalen.<br><br>ii. Sørgje for å tydeleggjere og operasjonalisere tiltaka i årsplanane ytterlegare, samt tydeleggjere samanheng mellom tiltak for det enkelte år i årsplanane |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | og dei meir langsiktige tiltaka i fireårsplanen/den rullerte Verdiskapingsplanen.<br><br>iii. Å få etablert eit system for å halde oversikt over aktivitetar og progresjon knytt til dei ulike tiltaka ein planlegg gjennomført det enkelte år.<br><br>iv. Etablere ei skriftleg skildring av kva oppgåver og ansvar som er lagt til sakshandsamar reiseliv.<br><br>v. Formaliserer samhandlingsmøta mellom dei sentrale samarbeidspartane til dømes i eit årshjul, og sikrar at dei blir gjennomført i samsvar med intensjonen.<br><br>vi. Tydeleggjere gjennom sakshandsamingsrutinane kva vilkår og krav ein vanlegvis skal stille i samband med tildeling av tilskot, og gi tydelegare retningsliner for vilkår og krav utover standardkrava i tråd med høyringsuttalen til fylkesrådmannen.<br><br>vii. Sørgjer for at tilgjengeleg informasjon om den enkelte tilskotsordning omfattar krav til rapportering for den aktuelle tilskotsordninga.<br><br>viii. Sikre at vurderingar i samband med sakshandsaminga, dialog med tilskotsmottakarar og gjennomførte aktivitetar knytt til oppfølging og kontroll blir dokumentert, slik at det i etterkant er mogleg å etterprøve kva som er |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | gjort og kvifor.<br><br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31.12.2018<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet 19. oktober i FT-sak 34/18. |
| 47/18 | FR – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs-rapport | 20/11 | Juni 2019 | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br><br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning<br><br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br><br>1. Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.<br><br>2. Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.<br><br>3. Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesrettleiinga kan følgjast opp. Under dette:<br>a. om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av utplassering i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping<br>b. sikre kvalitet i informasjonen som blir gitt i overgangen mellom Vg1 og Vg2, inkludert informasjon om |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | innhaldet i ulike Vg2 tilbod<br>c. sikre rådgjeving/ karrieresamtale før Vg3<br>d. vurdere rådgjeving/ informasjon knytt til kva moglegheiter som finst for høgare utdanning for elevar som går yrkesfag<br><br>4. Vurdere om og korleis næringslivet i større grad kan involverast i rådgjevarane og skulane sitt informasjonsarbeid knytt til utdanningsval.<br><br>5. Arbeide for at rådgjevarane i vidaregåande skule innfrir tilrådde kompetansekrav frå utdanningsdirektoratet og at det blir utarbeidd planar for kompetanseutvikling for rådgjevarane i samarbeid med skuleleiinga ved den enkelte skule.<br><br>6. Sikre at tiltak som skal bidra til auka kompetanse hos rådgjevarane i vidaregåande skule blir evaluert jamleg for å sikre best mogleg utbytte.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka, og rapportere status til kontrollutvalet innan 30.05.2019.<br><br>Fylkestinget behandla rapporten og vedtok tilrådinga frå KU med endring av ordet utplassering til arbeidspraksis i pkt. 2.3a, og endring av pkt 2.4 til Sikre at næringslivet, kommunane, vidaregåande skular og rådgjevarane samarbeider og informerer om yrke- og utdanning etter ein heilskapleg plan frå 8.-13. trinnet. |
| 51/18 | Skriv, meldingar og orienteringar 20.11.18 | 20/11 | | Vedtak:<br>1. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS<br><br>SF revisjon orienterte om status for finansiellrevisjon. Revisjonen orienterte også om gjennomført kvalitetskontroll, der SF revisjon IKS fekk karakter **godkjent**. Status og orientering vart tekne til vitande. |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Kontrollutvalet ba sekretariat og SF revisjon IKS utarbeide avtale om finansiell revisjon 2019, med ferdigstilling våren 2020. Avtalen leggast fram for politisk handsaming våren 2019.<br><br>2. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Desisjon av møtebøker for fellesnemnda<br><br>Kontrollutvalet ba sekretariatet om å starte opp arbeidet med desisjon av møtebøkene frå Fellesnemnda sine møte. **AVSLUTTA**<br>c. Relasjonen mellom kontrollutvalet og fylkestinget vart drøfta. **AVSLUTTA**<br>d. Godtgjersle etter ekstrainnsats vinteren 2018. Møtet vart lukka. Saka er unntatt off. § 13. **AVSLUTTA** |
| 1/19 | FR – Trygt og godt skulemiljø - prosjektplan | 11/02 | | Vedtak:<br>1. Framlagd prosjektplan vert godkjent slik den ligg føre. **AVSLUTTA** |
| 2/19 | Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala | 11/02 | 15. mai | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet bestiller desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018, med utgangspunkt i vedlagde forslag til prosjektplan<br>2. Samla timetal på inntil forslaget i prosjektplanen vert akseptert<br>3. Kontrollutvalet ber om ferdig verifisert rapport med fylkesrådmannen sin uttale innan 15. mai |
| 3/19 | Skriv, meldingar og orienteringar KU 11. februar 2019 | 11/02 | | Vedtak:<br><br>1. Oppfølging av arbeidsmiljølova<br><br>*Dokumenta som var utsendt i samband med dette punktet vart vurdert som offentlege av kontrollutvalet.* |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *Vedtak:*<br>a. *Kontrollutvalet ber kontrollsjef stille i hovudsamarbeidsutvalet sitt møte 20. februar i samband med utvalet si handsaming av sak om oppfølging av arbeidsmiljølova.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Trivselshagen IKS - Orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet i tillegg til orientering om reklamasjonssaka vedr. bassenget. v/dagleg leiar Anniken Rygg<br><br>*Dagleg leiar og styreleiar orienterte om status for reklamasjonssaka vedr. bassenget. Reklamasjonssaka mot entreprenøren er avslutta etter forlik. Erstatningskrav frå eigarane er ikkje ferdig handsama. Utvalet fekk i tillegg orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet.*<br><br>*Kontrollsjefen kontaktar SEKOM for eventuell felles selskapskontroll av selskapet.*<br><br>*Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)<br><br>*Det er sendt ut to høyringar frå FKT. Den eine er høyring – ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift. Den andre er høyringsutkast - veileder for kontrollutvalet sitt påsjå ansvar overfor revisor. Kontrollutvalsleiar oppfordrar medlemmane i kontrollutvalet om å sende sine høyringsinnspel til kontrollsjefen innan 10. mars 2019, slik at leiar i kontrollutvalet i samråd med* |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *kontrollsjef kan få utarbeidd høyringssvar frå kontrollutvalet for oversending til FKT innan 15. mars.*<br>**AVSLUTTA** |
| 14/19 | FR – HMT og inkluderande arbeidsliv - rapport | 1/04 | | Vedtak - Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br>a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare<br>b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde<br>c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:<br>i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar<br>ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar<br>iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regleverk og organisering<br>iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | verneombod og arbeidsmiljøutval<br>v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring<br>1. I høve vald og truslar om vald<br>2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast<br>3. Verneombod og leiarar<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune<br>a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering<br>b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval<br>c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar<br>d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene<br>4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet |
| 15/19 | Trivselshagen IKS – FR - bestilling | 1/04 | | Vedtak:<br>1. Bestilling av forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS vert godkjent med dei innspel som kjem fram i møtet<br>2. Bestillinga vert oversendt Deloitte AS |
| 16/19 | Forvaltningsrevisjon – forlenging av avtale | 1/04 | | Vedtak:<br>1. Rammeavtalen Sogn og Fjordane fylkeskommune har med Deloitte AS om kjøp av forvaltningsrevisjon vert forlenga til 31.12.2019 i samsvar med opsjon i dagens avtale |
| 17/19 | Skriv, meldingar og orienteringar 1. april 2019 | 1/04 | | Vedtak:<br>1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | a. Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018<br><br>*Prosjektet er i rute – rapport vil bli leverte innan 15. mai 2019. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>b. Vurdering av FR - trygt og godt skulemiljø etter innspel frå OA om tilsvarande tilsyn frå fylkesmannen (sjå vedlegg) og e-post utveksling mellom Line Johansen og kontrollsjef, 190219 (vedlagt).<br><br>*Fylkesdirektør for opplæring orienterte om status for tilsynet frå fylkesmannen. Tilsynet er ikkje ferdig. Førebels rapport er mottatt, og tilsvar er sendt både frå fylkesrådmann og rektor. Uvisst når vi får endeleg tilsynsrapport frå fylkesmannen.*<br><br>*Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande og gjorde følgjande vedtak:*<br><br>*Kontrollutvalet vedtek, på følgje av informasjon gitt i møtet, å avslutte forvaltningsrevisjonen Trygt og godt skulemiljø.*<br>**AVSLUTTA**<br>c. VIGO status v/kontrollsjefen<br><br>*Kontrollsjefen orienterte om behandling av saka i Trøndelag fk. Vi avventer behandling til endeleg fylkestingsvedtak i* |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *Trøndelag fk. Orienteringa vart teken til vitande.*<br><br>2. Sekretariatssamarbeid med SEKOM og Vest kontroll, status - E-post frå SEKOM datert 12. februar 2019<br><br>*E-posten frå SEKOM vart teken til orientering.*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Organisering av kontrollutvalssekretariatet for Vestland fk, vedtak i fellesnemnda frå 13. mars 2019<br><br>*Vedtaket frå fellesnemnda vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Reiserekningskontroll politisk nivå . Saka er bestilt hjå SF revisjon IKS (Sjå vedlegg)<br><br>*Bestillinga vart teken til orientering.*<br><br>5. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)<br>a. FKT fagkonferanse og årsmøte 4. - 5. juni 2019<br><br>*Klaus og Lise-May deltek på denne konferansen. Klaus blir årsmøteutsending. Sekretariatet sørger for påmelding.*<br><br>Begge er påmeldt.<br>**AVSLUTTA**<br>6. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Veileder påsjå-ansvaret som kontrollutvalet har overfor regneskapsrevisor<br><br>*Kontrollsjef orienterte om status for arbeidet med veilederen. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA** |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *b.* Kurs om ny kommunelov<br><br>*KMD i lag med KS gjennomfører kurs om kommunelova rundt i landet. Kurset 3. april i Oslo vert streama, slik at dei som ynskjer, kan få med seg dette. . Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>*c.* Fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 6. – 7. mai 2019<br><br>*Kontrollutvalet vedtok å gjennomføre kontrollutvalsmøte over to dagar 6. – 7. mai der det vil bli fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fk 6. mai og ordinært kontrollutvalsmøte 7. mai. Sekretariata for dei to kontrollutvala førebur samlinga med program og saksførebuing.*<br>**AVSLUTTA** |
| 18/19 | Særskild godtgjersle | 1/04 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:<br>1. Leiar i kontrollutvalet får godtgjort for meirarbeid vinteren og våren 2018 med kr. 44 160<br>2. Kostnaden vert dekka inn i budsjettet for kontrollutvalet<br><br>Fylkesutvalet vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i sak 32/19.<br>**AVSLUTTA** |
| 19/19 | Høyring – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift | 1/04 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Fylkestinget godkjenner vedlagde høyringsuttale til ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift<br>2. Fylkestinget ber kontrollutvalet sende høyringsuttalen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet |

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 20/19 | Årsmelding 2018 - kontrollutvalet | 1/04 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Årsmelding 2018 for kontrollutvalet vert teken til orientering. |
| 21/19 | Status oppfølging forvaltningsrevisjon 1. april 2019 | 1/04 | | Vedtak:<br>1. Saka vart utsett |
| 22/19 | Oppfølgingaliste 2-2019 | 1/04 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 2-2019 vert teken til vitande<br>**AVSLUTTA** |
| 23/19 | Kontroll av møtebøkene frå fellesnemnda | 1/04 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Rapport etter gjennomført kontroll av møtebøkene frå fellesnemnda vert teken til vitande |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

Oppdatert 10.4.19